



NORGES HØYESTERETT

Den 8. april 2014 sa Høgsterett dom i

HR-2014-00741-A, (sak nr. 2014/28), straffesak, anke over dom,

A

(advokat John Christian Elden)

mot

Den offentlege påtalemakta

(statsadvokat Thomas Frøberg)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld krav frå ein domfelt som grunnar seg i lang behandlingstid i sak om opphøyr av tvunge psykisk helsevern, jf. straffelova § 39 b. Ei slik sak går etter reglane i straffeprosesslova. Spørsmåla er om domstolane då kan behandle eit krav om oppreisning og om det kan givast dom for at vernet etter EMK – den europeiske menneskerettskonvensjonen – er krenkt.
- (2) A vart ved Trondheim tingretts dom av 15. mai 2009 dømt til overføring til tvunge psykisk helsevern, jf. straffelova § 39 nr. 1 og lov om psykisk helsevern kapittel 5. Anke over dommen vart forkasta ved Frostating lagmannsretts dom av 10. desember 2009. Ved Høgsteretts ankeutvals vedtak 27. april 2010 i sak HR-2010-00705-U vart anke til Høgsterett nekta fremja.
- (3) Grunnlaget for overføringa var ei elles straffbar handling – drap, jf. straffelova § 233 – gjort i psykotisk tilstand i august 2008.
- (4) A sette 13. desember 2011 fram kravsmål til påtalemakta om opphøyr av det tvungne psykiske helsevernet. Påtalemakta tok 19. mars 2013 ut tiltale med påstand om at det skulle oppretthaldast.

- (5) Sør-Trøndelag tingrett gav dom 5. april 2013 med slik domsslutning:
- "A født 00.00.1982 dømmes til fortsatt tvungent psykisk helsevern, jf. straffeloven § 39 b siste ledd, jf. § 39 nr 1, jf. lov om psykisk helsevern kapittel 5."**
- (6) A anka dommen til Frostating lagmannsrett. Etter at det var avklara at påtalemakta ikkje hadde oversite treårsfristen i straffelova § 39 b for å kunne føre saka inn for tingretten, jf. HR-2013-01687-U, vart spørsmålet om forlenging behandla av lagmannsretten. Lagmannsrettsdommen av 23. oktober 2013 har slik domsslutning:
- "1. Anken forkastes.**
- 2. Staten frifinnnes for krav på oppreisning."**
- (7) Lagmannsretten uttala i domsgrunnane at det låg føre ei krenking av EMK, men at belastninga ved denne vart kompensert gjennom konstateringa frå retten. Det var då ikkje grunn til å tilkjenne noko beløp i oppreisning. Aktor og forsvarar hadde sett fram lik påstand om at retten for domfelte etter EMK artikkel 5 var krenkt. Dette vart ikkje teke til følgje. I domsgrunnane heiter det at retten ikkje fann det nødvendig med eit eige punkt om dette i domsslutninga.
- (8) Den domfelte anka vidare til Högsterett. Han gjorde gjeldande at forlenging av tvunge psykisk helsevern ikkje var nødvendig, at han hadde rettskrav på å få ein stadfestingsdom på menneskerettsbrot, og at han hadde krav på oppreisningserstatning etter rettens skjønn. Ankeutvalet avgrensa tilvisinga til dei to siste spørsmåla, jf. HR-2014-00059-U. Påtalemakta påsto så 27. februar 2014, utanom anken, punkt 2 i lagmannsrettens domsslutning oppheva på grunn av saksbehandlingsfeil. Det vart gjort gjeldande at lagmannsretten ikkje hadde kompetanse til å ta stilling til oppreisningskrav etter straffeprosesslova kapittel 31.
- (9) *Eg går så over til å gjere greie for mitt syn på spørsmåla.*
- (10) Etter straffelova § 39 b andre ledd, jf. tredje ledd kan ein domfelt setje fram krav om opphøyr av tvunge psykisk helsevern når det har gått eitt år etter endeleg dom på psykisk helsevern, eventuelt etter endeleg dom som nektar opphøyr. Påtalemakta skal sende eit slikt krav over til retten om ho ikkje sjølv godtek opphøyr.
- (11) Av EMK artikkel 5 nr. 4 følgjer at den som er fråteken fridommen, har rett til å reise sak for raskt å få avgjort om fråtakinga er lovleg. Denne føresegna må også omfatte dom på overføring til tvunge psykisk helsevern. Den som har fått krenkt rettane etter artikkel 5 nr. 4, kan etter artikkel 5 nr. 5 krevje erstatning. Artikkel 5 nr. 5 går innanfor sitt område framom artikkel 13 ved konvensjonskrenking, jf. Harris mfl. Law of the European Convention of Human Rights, 2. utgåve, side 561. Etter praksis frå EMD – Den europeiske menneskerettsdomstolen – omfattar erstatning på visse vilkår også ikkje-økonomisk skade, sjå dom frå EMD 10. mai 2011 i sak Włoch mot Polen (nr. 2) premiss 32 med vidare tilvising til dom 27. september 1990 i sak Wassink mot Nederland premiss 38. Saka no gir ikkje grunn til å gå nærmare inn på vilkår for og omfang av oppreisning etter artikkel 5 nr. 5.

- (12) Eg går no over til å sjå på om domstolane kan behandle spørsmålet om oppreisning til ein sikta eller domfelt i ei sak om overføring til eller opphøy av tvunge psykisk helsevern. Ei slik sak går som før nemnt etter reglane i straffeprosesslova, og det er då denne lova som må tolkast for å avgjere spørsmålet.
- (13) Tidlegare vart krav frå ein sikta eller ein domfelt om erstatning og oppreisning som var knytt til behandlinga av ei straffesak, avgjort av domstolane etter reglar i straffeprosesslova. Rettstilstanden vart endra gjennom vedtakinga av eit nytt kapittel 31 i straffeprosesslova, gitt ved lov 10. januar 2003 nr. 3 og sett i kraft frå 1. januar 2004. Straffeprosesslova § 444 første ledd bokstav c fastset no at fridomstap som ledd i strafforfølging i strid med EMK artikkel 5 gir rettskrav på erstatning. Men føresegna i § 444 gjeld berre erstatning for økonomisk tap. Tilkjenning av oppreisning i ei sak som vår må skje med heimel i § 447 andre ledd, der vilkåret etter lovteksten er at dette "fremstår som rimelig". At § 447 må forståast slik at føresegna gir heimel for oppreisning ved krenking av EMK, er lagt til grunn i Rt. 2006 side 577 avsnitt 20. Etter mitt syn må § 447 tolkast i samsvar med EMK artikkel 5 nr. 5, slik at føresegna i det minste gir rett til oppreisning i den mon konvensjonsregelen krev det, jf. Jebens, Menneskerettigheter i straffeprosessen, 2004, side 295.
- (14) Ved lovendringa i 2003 vart det i § 449 fastsett at krav på "erstatning eller oppreisning etter strafforfølging" skal avgjerast av departementet. Avgjerdsmyndet er delegert til Statens sivilrettsforvaltning. Avgjerder kan prøvast for retten, men då etter tvistelova, jf. § 449 andre ledd.
- (15) Forsvararen har vist til at Högsterett tidlegare har behandla oppreisningskrav i slike saker. Den første var Rt. 2006 side 577 der Högsterett tilkjende oppreisning, jf. avsnitt 20. Også i Rt. 2010 side 469, der oppreisning ikkje vart tilkjent, har nok Högsterett bygd på at retten hadde kompetanse, jf. avsnitt 38. I ei seinare avgjerd frå ankeutvalet er det lagt til grunn at domstolane ikkje har kompetanse i ei straffesak til å behandle krav etter § 444 og § 445, jf. HR-2011-01715-U. Kompetansespørsmålet synest ikkje å ha vore problematisert i dei to sakene i avdeling, og eg kan då ikkje sjå at dei kan føre til ei anna løysing enn det som følgjer av den klare lovføresegna i § 449. Denne føresegna kan heller ikkje forståast slik at det er tale om ein dobbelt heimel slik at både domstolane og forvaltninga har avgjerdsmynde, jf. her også den nett omtala avgjerala frå ankeutvalet der eit slikt krav vart avvist frå domstolane.
- (16) Spørsmålet er så om omsynet til EMK krev ei anna løysing. Eg nøyser meg her med å vise til storkammerdom frå EMD 18. desember 2002 i sak N.C. mot Italia der retten godtok ei ordning der krav om erstatning først kunne setjast fram etter at frifinningsdom var endeleg, jf. særleg premiss 54. Eg kan ikkje sjå at det kan stille seg annleis for den norske ordninga.
- (17) Det var såleis ein saksbehandlingsfeil når lagmannsretten behandla og avgjorde oppreisningskravet, jf. straffeprosesslova § 343 andre ledd nr. 4. Eg meiner at lagmannsrettsdommen, domslutninga punkt 2, då bør opphevast utanom anken, jf. straffeprosesslova § 342 andre ledd nr. 4, jf. § 347 andre ledd. Det er tale om kompetansemangel hos lagmannsretten, og omsynet til den domfelte – som ikkje vart tilkjent oppreisning i lagmannsretten – talar ikkje mot oppheving. Kravet i anken om tilkjenning av ein oppreisningssum kjem då ikkje til avgjerd.

- (18) Eg går så over til å sjå på påstanden i anken om at lagmannsretten skulle ha teke med ein post i domsslutninga der det vart uttala at behandlinga av saka var i strid med krava etter EMK artikkel 5 nr. 4.
- (19) Kapittel 1 i straffeprosesslova fastset kva slags saker og krav som skal behandlast etter lova. Fastsetjinga nemner ikkje særskilt dom for at ei handling har vore i strid med ein konvensjon. Dette er heller ikkje omtala i lovførarbeid til straffeprosesslova. I så måte er det ein skilnad i høve til sivile tvistar, der det etter omstenda kan vere høve til dom på konvensjonsstrid, jf. NOU 2001: 32 Rett på sak side 200–201 og praksis etter tvistelova.
- (20) Praksis i domstolane i straffesaker har vore at ein eventuell konvensjonsstrid blir omhandla i premissane. Ved ein straffutmålingsanke kan lang saksbehandlingstid til dømes ha som botemiddel at straffa blir sett ned, jf. EMK artikkel 13. Etter omstenda kan det også vere tilstrekkeleg botemiddel at konvensjonsstrid blir konstatert i domsgrunnane. I ein del saker – som vår der det er nekta opphøyr av tvunge psykisk helsevern – er berre det siste alternativet mogeleg. Men i desse sakene står høvet ope til å setje fram krav om erstatning eller oppreisning etter straffeprosesslova kapittel 31 samanhilde med EMK artikkel 5 nr. 5.
- (21) I vår sak må lagmannsrettsdommen forståast slik at nekting av opphøyr av tvunge psykisk helsevern kunne skje, sjølv om det låg føre eit konvensjonsbrot i form av lang saksbehandlingstid. Den domfelte har likevel tilgang til botemiddel, dels ved konstatering av konvensjonsstrid i domsgrunnane og dels ved å kunne setje fram krav om erstatning eller oppreisning etter reglane i straffeprosesslova kapittel 31.
- (22) Etter mitt syn inneheld EMK ikkje noko krav om at det i slike saker må skje ei konstatering av konvensjonsbrot i domskonklusjonen. Partane har heller ikkje vist til noka sak der EMD har stilt eit slikt krav.
- (23) Eg går ikkje inn på situasjonen dersom det i saker etter straffeprosesslova skulle vise seg å vere tilfelle av konvensjonsbrot som fell utanom kapittel 31, og det heller ikkje elles er tilgang på effektivt botemiddel.
- (24) Anken kan såleis ikkje føre fram når det gjeld kravet om særleg konstatering av konvensjonsbrot.
- (25) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Lagmannsrettsdommen – domsslutninga punkt 2 – blir oppheva, og saka blir avvist frå domstolane så langt gjeld kravet om oppreisning.
2. Anken elles blir forkasta.

- (26) Dommer **Falkanger:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (27) Dommer **Bull:** Likeså.
- (28) Dommer **Noer:** Likeså.
- (29) Dommer **Gjølstad:** Likeså.
- (30) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Lagmannsrettsdommen – domsslutninga punkt 2 – blir oppheva, og saka blir avvist frå domstolane så langt gjeld kravet om oppreisning.
2. Anken elles blir forkasta.

Rett utskrift: